



Notat

Til: Fylkesutvalet i Hordaland, 3.- 4.mai 2017
Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane, 3.mai 2017
Frå: Fylkesrådmennene

FRAMDRIFTSPLAN FOR SAMANSLÅING AV SOGN OG FJORDANE OG HORDALAND

I dette notatet foreslår fylkesrådmennene at det vert lagt fram sak til fylkestinga i Sogn og Fjordane, 13.-14.juni 2017 og i Hordaland, 13.-14. juni 2017, der det vert gjort vedtak i samsvar med §25 i Inndelingslova. Med grunnlag i desse vedtaka vert det søkt om unntak frå lovkravet om felles fylkestingsmøte for å komme i gang med samanslåingsprosessen, med etablering av fellesnemnda osv.

Dette notatet viser vidare ein overordna framdriftsplan for omstillingsarbeidet som fylkeskommunane Sogn og Fjordane og Hordaland startar sommaren og hausten 2017 for å etablere ein ny folkevald region på Vestlandet, frå 1.1.2020. Notatet tek mål av seg til å omtale milepelar, vedtakspunkt, roller og oppgåver i samband med omstillingsarbeidet.

Dette notatet vert lagt fram for dei to fylkesutvala primo mai månad, til orientering og for ev. merknader.

1. Innleiing

Kommunal – og moderniseringsdepartementet har i vedlagde brev, datert 7. april 2017, sendt ut informasjon om vidare prosess for fylkeskommunar som skal slå seg saman. I brevet blir det spesielt vist til §25 i Inndelingslova, der det er fastsett at departementet (KMD) skal innkalle fylkestinga til eit felles møte, etter at det er gjort nasjonalt vedtak om samanslåing, for å handsame følgjande saker:

- a) forslag til namn på den nye kommunen eller det nye fylket
- b) talet på medlemmer i det nye kommunestyret eller fylkestinget
- c) kriterium for samansetjing av og funksjonar til fellesnemnd etter § 26 i denne lova
- d) val av revisor for verksemda i fellesnemnda
- e) oppretting av eventuelle andre fellesorgan for å sikre gjennomføringa av samanslåinga


For å få til smidige samanslåingsprosessar vart det i 2016 vedteke ei lovendring der departementet kan gjere unntak frå kravet om felles fylkestingsmøte, når alle dei nødvendige vedtak etter §25 er gjort i respektive fylkesting. Departementet vil, etter ei vurdering om vedtaka er tilstrekkelege, kunne gje unntak frå lovkravet etter at Stortinget har fatta vedtak i juni. Dette unntaket frå lova gjeld berre for dei fylkeskommunane som har gjensidige vedtak om å slå seg saman.

Dersom det ikkje er aktuelt å gjere unntak frå det omtalte lovkravet vil departementet like etter Stortinget sitt vedtak om eventuell ny regionstruktur, fastsette tidspunkt for eit slikt felles fylkestingsmøte i samråd

med dei berørte fylkeskommunane. Dette felles fylkestingsmøte skal haldast så raskt som mogleg etter at Stortinget har gjort vedtak om samanslåing, jfr §25 i Inndelingslova.

2. Organisering og roller

Det vidare arbeidet med samanslåing av fylkeskommunane Sogn og Fjordane og Hordaland kan bli organisert med ulike avgjerdsorgan og roller slik det er skissert i figuren under.



Mandat og funksjonar innanfor denne strukturen vil bli omtalt og presentert vidare i dette kapittelet.

2.1 Fellesnemnda

§26 i Inndelingslova

Etablering av ein ny fylkeskommune inneber at dagens to fylke og tilhøyrande fylkeskommunar rettsleg sett opphøyrer, samtidig som det vert etablert eit nytt fylke og ein ny fylkeskommune. Prosessen for etablering av nytt fylke og ny fylkeskommune er regulert i Inndelingslova (Lov av 15.06.2001 om fastsetjing og endring i av kommune- og fylkesgrenser). I §26 i Inndelingslova er det nedfelt følgjande bestemmelsar om ei **fellesnemnd** som skal samordne og ta seg av samanslåingsprosessen:

“Ved samanslåing av kommunar eller fylkeskommunar og ved deling som nemnt i §3 andre ledd bokstav b skal det opprettast ei fellesnemnd til å samordne og ta seg av førebuinga av samanslåinga eller delinga. Nemnda bør spegle av innbyggjartalet i dei enkelte kommunane eller fylkeskommunane. Det skal likevel vere minimum tre medlemmer i nemnda frå kvar kommune eller fylkeskommune. Fellesnemnda blir valt av og blant medlemmene i kommunestyret eller fylkestinget. Nemnda vel sjølv leiaren og nestleiaren i nemnda. Reglane i kommunelova om val og saksbehandling i folkevalde organ gjeld elles tilsvarande.

Kommunane eller fylkeskommunane kan også opprette eit felles partssamansett utval etter kommunelova §25 for behandling av saker som gjeld forholdet mellom den nye eininga som arbeidsgivar og dei tilsette.

Fellesnemnda skal ta hand om det førebuande arbeidet med økonomiplanen og med budsjettet for det første driftsåret etter at samanslåinga eller delinga som nemnt i §3 andre ledd bokstav b, er sett i verk.

Nemnda skal i sin verkeperiode gi fråsegn til departementet om årsbudsjetta og økonomiplanen for dei kommunane eller fylkeskommunane saka gjeld.

Andre arbeidsoppgåver og fullmakter for nemnda blir fastsette i reglement som må vedtakast i alle kommunestyra eller fylkestinga. Kvar av kommunane eller fylkeskommunane kan be departementet om å ta avgjerd i slike spørsmål dersom det ikkje er mogleg å kome til semje.

Nemnda kan få fullmakt til å tilsetje personale i den nye eininga. Dette omfattar også tilsetjing av administrasjonssjef og revisor. Tilsetjing av revisor skjer på bakgrunn av innstilling frå kontrollutvala. Nemnda kan òg få fullmakt til å vidareføre deltaking i interkommunalt samarbeid om revisjon eller vidareføre avtale med annan revisor. Tilsvarande gjeld for sekretariatet for kontrollutvalet. Slikt vedtak skjer etter innstilling frå kontrollutvala.

Fellesnemnda kan gi eit arbeidsutval myndigheit til å gjere vedtak i enkeltsaker eller i saker som ikkje er av prinsipiell art.

Reglane i kommunelova om møte- og talerett for ordførar, leiar av kommuneråd eller fylkesråd, administrasjonssjef og tilsette gjeld tilsvarande for nemnda. Reglane i §59 om lovlegkontroll gjeld tilsvarande for avgjerder fellesnemnda tek.

Funksjonsperioden for fellesnemnda går ut når det nye kommunestyret eller fylkestinget er konstituert etter reglane i §27.”

Fellesnemnda vil bli eit nyoppretta politisk organ underlagt reglane i kommunelova om eit funksjonsdyktig fylkeskommunalt folkestyre m.m.

Kort om oppgåver og ansvar i fellesnemnda

I Inndelingslova §26 heiter det at Fellesnemnda skal ta hand om det førebuande arbeidet med økonomiplanen og med budsjettet for det første driftsåret etter at samanslåinga eller delinga som nemnt i §3 andre ledd bokstav b, er sett i verk. Det inneberer at budsjettgrunlaget for 2020 vil bli utarbeidd i regi av Fellesnemnda, og lagt fram for vedtak så snart det nye regiontinget vert konstituert.

Etter vedtak om samanslåing i Stortinget vil økonomiplanar og budsjett for 2018 og 2019 bli handsama på ordinær måte av dei valde fylkestinga. Fellesnemnda skal gi fråsegn til departementet om årsbudsjetta og økonomiplanen for dei aktuelle fylkeskommunane fram mot iverksetting 1.1.2020.

Andre arbeidsoppgåver og fullmakter for nemnda blir fastsette i reglement som må vedtakast i begge fylkestinga. Døme på slike arbeidsoppgåver og fullmakter vil kunne vere;

- Vedtar hovudstruktur for politisk organisering, herunder reglement for dei nye fylkespolitiske organa og for dei folkevalde.
- Vedtar hovudstruktur for administrativ organisering.
- Tilsetting av administrasjonssjef for den nye fylkeskommunen.
- Godkjenner prosjektplan og budsjett for samanslåingsprosessen.
- Fastsetjing av revisjonsordning for den nye fylkeskommunen eller vidareføring av deltaking i interkommunalt samarbeid (med innstilling frå kontrollutvala).
- Fastsetjing av sekretariatsordning for kontrollutvalet i den nye fylkeskommunen eller vidareføring av interkommunalt samarbeid (med innstilling frå kontrollutvala).

Dei fylkeskommunale kontrollutvala vil resten av inneverande valperiode m.a. arbeide ihht. vedtekte planar for forvaltnings- og selskapsrevisjon. Det kan tenkjast at desse planane bør vurderast og ev. justerast tidleg i 2018 sett i lys av det samordningsarbeidet som nødvendigvis må etablerast mellom dagens fylkeskommunar.

Budsjett for fellesnemnda

Etter at samanslåinga er vedteken av Stortinget, vil KMD utbetale tilskot til eingongskostnader som følge av samanslåinga. For fylkeskommunane Hordaland og Sogn og Fjordane vil dette utgjere 30 mill. kroner (15 mill. per fylke i samanslåinga). Dette er tilskot som fylkeskommunane ikkje treng å søke på. Tilskotet vil bli overført til dei respektive fylkeskommunane, slik at fylkestinga må gjere vedtak om at dei skal disponerast av fellesnemnda i sitt arbeid med å førebu samanslåinga. Dette vil vere midlar som kan nyttast til ulike føremål og som må inngå i eit budsjettopplegg for fellesnemnda sitt førebuande arbeid.

Fellesnemnda i Intensjonsplanen

I den vedlagte signerte intensjonsplanen mellom fylkeskommunane Sogn og Fjordane og Hordaland er det lagt opp til at fellesnemnda skal vere samansett av dei to fylkesutvala i Sogn og Fjordane og Hordaland, med til saman 24 medlemmer. Fellesnemnda skal ha leiar frå Hordaland fylkeskommune og nestleiar frå Sogn og Fjordane fylkeskommune. I intensjonsplanen heiter det vidare at det vil bli vurdert å etablere eit arbeidsutval ut frå fellesnemnda sine medlemmer.

Kunnskap og erfaringsutveksling

For å heve kunnskapsnivået på viktige områder i ein slik samanslåingsprosess og for å utveksle erfaringar, vil Kommunal- og moderniseringsdepartementet i samarbeid med KS invitere til eit oppfølgingstilbod hausten 2017. Det vil bli gitt meir informasjon om dette på eit seinare tidspunkt.

2.2 Fylkesrådmennene/administrasjonssjef

Fram til administrasjonssjef for den nye fylkeskommunen er tilsett, bør dei sitjande fylkesrådmennene både kunne ivareta sine funksjonar innanfor sine respektive fylkeskommunar, og samstundes leie det administrative arbeidet med samanslåingsprosessen.

Når den nye framtidige administrasjonssjefen er tilsett og på plass, vil denne overta som prosjektleiar for det administrative arbeidet med fylkessamanslåinga. Prosjektleiaren tiltrer som administrasjonssjef først når den nye fylkeskommunen er i verksemd frå 01.01.2020.

Fram til prosjektleiar (ny administrasjonssjef) er på plass, vil dei to fylkesrådmennene i fellesskap syte for at saker som vert lagt fram for fellesnemnda er forsvarlig utgreidd, og at vedtak blir sett i verk. Eventuell usemje mellom fylkesrådmennene vil bli synleggjort i aktuelle saksframlegg til fellesnemnda.

2.3 Partssamansett utval

I inndelingslova §26 er det opna opp for at det kan opprettast partssamansette utval for handsaming av spørsmål som gjeld tilhøvet mellom den nye eininga som arbeidsgjevar og dei tilsette. Eit slikt partssamansett utval kan i samanslåingsprosessen oppfattast som eit administrasjonsutval etter §25 i kommunelova.

Hordaland fylkeskommune har i dag eit slikt administrasjonsutval, som er samansett av representantar frå dei folkevalde på arbeidsgjevar sida og tillitsvalde som representerer dei tilsette.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har eit sektorovergripande hovudsamarbeidsutval (HSU). Utvalet ivaretek oppgåvene som administrasjonsutval etter hovudavtalen kommunalt tariffområde del B, § 4, og kommunelova § 25, og oppgåver etter arbeidsmiljølova kap. 7. I dette utvalet representerer fylkesrådmannen arbeidsgjevar sida.

I intensjonsplanen for samanslåing av fylkeskommunane Sogn og Fjordane og Hordaland er følgjande omtalt;

«Det vert nedsett ei partssamansett arbeidsgruppe som skal utvikle ein felles lønspolitikk og få til ei harmonisering av dei tilsette sine løns- og arbeidsvilkår der dette er rimelig. Partane skal forhandle fram felles retningslinjer for handsaming av overtalige, der ein m.a. tek omsyn til rimelig reisetid ved tilbod om endra arbeidsstad.»

Det vil bli føreslege å opprette eit partsamansett utval i arbeidet med å etablere den nye fylkeskommunen/regionen, der fylkesrådmennene etter fullmakt frå fylkestinga representerer arbeidsgjevarsida. Ei sentral oppgåve i det partsamansette utvalet vil vere å utforme ein omstillingsavtale som formelt rammeverk for dei tilsette/tillitsvalde, med heimel i arbeidsmiljølova og hovudavtalen sine bestemmelsar. Omstillingsavtalen vil vere ei ytterlegare konkretisering og detaljering av framdrift og prosess for samanslåing av dei to fylkeskommunane med betyding for dei tilsette, og omhandle m.a. følgjande:

- Medverknad og medbestemming i prosessen.
- Tidsplan for informasjon og drøfting.
- Identifisering av ev. utsette tilsettegrupper.
- Prosess for organisering og fastlegging av bemanningsplan.
- Prosess for innplassering i den nye organisasjonen.
- Generelle og spesielle omstillingstiltak.

Det vil bli foreslått at denne omstillingsavtalen blir lagt fram for fellesnemnda for godkjenning.

2.4 Sekretariat

Fylkesrådmennene vil peike ut eit eige sekretariat med dedikerte ressursar for å sikre gjennomføringa av samanslåingsprosessen. Det er lagt opp til at dette sekretariatet i første omgang vil omfatte omlag 4 årsverk.

Sekretariatet vil syte for nødvendig framdrift i førebuingarbeidet, koordinering av kartleggings- og utgreiingsarbeid i arbeidslaga, innkjøp av eksterne konsulenttjenester, saksframlegg til fellesnemnda m.m.

2.5 Arbeidslag

For å ivareta aktuelle kartleggings- og utgreiingsoppgåver vil det bli nedsett fleire arbeidslag beståande av ressursar innanfor aktuelle fagsektorar og stabs- og fellesfunksjonar i dei to eksisterande fylkesadministrasjonane.

Arbeidslaga må bemannast med administrative leiarar frå dei to fylkeskommunane, samt medarbeidarar for kartlegging, dokumentasjon og analyse. Det vil og kunne bli aktuelt å kjøpe inn eksterne konsulenttjenester for å sikre tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse i utgreiingsarbeid og prosessaktivitetar.

Kartleggings- og utgreiingsarbeidet i arbeidslaga vil variere med omsyn til kva område og tema som skal analyserast og vurderast, samt verknader for dei tilsette. I arbeidslag med ansvar for område der det er særskilte utfordringar knytt til lokalisering, omplassering, overtalige m.m., vil tillitsvalde gå inn som medlemmer i arbeidslaget.

Identifisering av ulike arbeidslag med samansetjing (også evt. tillitsvalde) og mandat vil inngå i den tidlegare omtalte omstillingsavtalen som skal utarbeidast av det partssamansette utvalet og godkjennast av fellesnemnda.

3. Sentrale milepelar og vedtakspunkt

Aktivitetar	Framdrift	Ansvar	Merknader
Prop. 84 S (2016-2017) Ny inndeling av regionalt folkevalt nivå.	april-juni 2017	Politisk leiing	Komitéhøyring på Stortinget, 2. mai.
Politisk sak om gjennomføring av samanslåing, jf. §25 i Inndelingslova.	juni 2017	Fylkesrådm./ fylkestinga	I samsvar med skriv frå KMD datert 07.04. kan fylkestinga på eige initiativ handsame sak om gjennomføring av samanslåing slik det er omtalt i §25 i Inndelingslova. Med utgangspunkt i intensjonsplanen utarbeider fylkesrådmennene ei felles saksutgreiing og innstilling til dei to fylkestinga. Saka vil bli utsendt 6.juni 2017, med grunnlag i Kommunal- og forvaltningskomiteen si innstilling til Stortinget , 1.juni 2017 (Prop.84 S(2016-2017). Handsaminga i Stortinget er førebels sett til 8.juni 2017.
Etablering av sekretariat	juni-august 2017	Fylkesrådm.	
Konstituering av fellesnemnda og markering av oppstarten av etableringa av den nye regionen/fylkeskomm.	august 2017	Fellesnemnda	Første møte med m.a. val av arbeidsutval, samt symbolsk markering av samanslåingsprosessen for etablering av den nye regionen/fylkeskommunen
Partssamansett utval vert konstituert, jf. pkt. 2.2. ovanfor.	august 2017	Fylkesrådm.	Prosess for ein felles omstillingsavtale mellom administrativ leiing og tilsette/tillitsvalde startar opp.
Fastsetjing av politisk og administrativ hovudstruktur.	4. kvartal 2017	Fellesnemnda	Fellesnemnda vedtek politisk og administrativ hovudstruktur med grunnlag i intensjonsplanen (prinsipp). Nemnda delegerer til den nye framtidige administrasjonssjefen å gjere endeleg administrativ organisasjonsutforming/tilpassing.
Utlysing av designkonkurranse for nytt fylkesvåpen m.m.	4. kvartal 2017	Fellesnemnda	
Omstillingsavtale	4.kvartal 2017	Fellesnemnda	Godkjenning av omstillingsavtale utarbeidd i det partssamansette utvalet
Etablering av arbeidslag med opplegg og kritisk tidslinje for kartlegging	4. kvartal 2017	Fylkesrådm.	<ul style="list-style-type: none"> - Løns- og rekneskapssystem, - IKT-system - Arkiv- /sakshandsamingssystem

og avklaring av tilsette, reglement, rutinar, system, fysiske tiltak m.m.			<ul style="list-style-type: none"> - Reglement - Fagsektorar - Stabsfunksjonar - Bygningsmasse - Andre områder/tema
Tilsettingsprosess for ny administrasjonssjef.	1. kvartal 2018	Fellesnemnda	Fellesnemnda startar opp prosessen i samarbeid med eksternt rekrutteringsbyrå. Tilsetting seinast 3.kvartal 2018.
Rapportering og fråsegn til budsjett- og økonomiplan 2018 og 2019 for Sogn og Fjordane FK og Hordaland FK til KMD	1. kvartal 2018 og 2019	Fellesnemnda	Rapportering og fråsegn til KMD, jfr. §26 i Inndelingslova.
Tilsetjingsprosess for administrativ toppleieing.	3. kvartal 2018	Prosjektleder (framtidig adm.sjef.)	Som prosjektleder startar framtidig administrasjonssjef opp prosessen i samarbeid med eksternt rekrutteringsbyrå. Framtidig administrasjonssjef avgjer tilsetjingar seinast 1.kvartal 2019.
Godkjenning av reglement, delegering m.m for politiske organ	4. kvartal 2018	Fellesnemnda	
Budsjettarbeid for 2020 til den nye fylkeskommunen.	heile 2019	Prosjektleder (framtidig adm.sjef)/ Fellesnemnda	
Gjennomføring fysiske tiltak	heile 2019	Prosjektleder (framtidig adm.sjef)	Skilting , dekor m.m.
Prosess for avklaring av revisor og sekretariat for kontrollutvalet i den nye fylkeskommunen.	1. kvartal 2019	Fellesnemnda	Vedtak i Fellesnemnda skjer etter innstilling frå Kontrollutvala i dei to fylkeskommunane.
Fastsetting av administrativ organisering med lokalisering av funksjonar, innplassering av tilsette og mellomleiarar m.m.	2. kvartal 2019	Prosjektleder (framtidig adm.sjef)	
Val av nytt fylkesting	3. kvartal 2019	Valstyre	
Nytt fylkesting avløyer fellesnemnda.	4. kvartal 2019	Nytt fylkesting/prosjektleder (framtidig adm.sjef)/ fylkesrådmennene	Nytt fylkesting skal kallast saman til konstituerande møte innan utgangen av oktober månad.
Utvida funksjonsperiode for eksisterande fylkesting		Eksisterande fylkesting/ fylkesrådmennene	Funksjonstida for eksisterande fylkesting varer fram til iverksettingsdato 1.1.2020. Ansvar og fullmakter er avgrensa til det som er nødvendig for å avslutte verksemda i dei eksisterande einingane.
Iverksetting ny fylkeskommune	01.01.2020	Nytt fylkesting/administrasjonssjef	

